



Saksbehandlar: Egil Henning Ytrøy, Nærings- og kulturavdelinga  
Sak nr.: 18/1806-43

## **Breibandløftet Sogn og Fjordane 2018 - prioritering av prosjekt for statleg tilskot.**

**Fylkesdirektøren rår Hovudutval for næring og kultur til å gje slik tilråding/gjere slikt vedtak:**

1. Prosjekt som synt i tabell 4. vert ført opp på prioriteteringsliste og sendt til Nasjonal kommunikasjonsstyresmakt for godkjenning. Fylkeskommunal medfinansiering for å løyse ut desse prosjekta vert kr. 3 602 926,-.
2. I tillegg løyver Sogn og Fjordane fylkeskommune kr. 2 000 000,- i medfinansiering til prosjekt i Solund og Selje, samt kr 1 000 000,- i delfinansiering til Førde kommune sitt prosjekt.
3. Fylkesrådmannen får fullmakt til å fordele avsett fylkeskommunal ramme mellom dei ulike prosjekta etter ein balansert fordelingsnøkkel.

### **Vedlegg:**

Vedlegg 1. Evalueringsskriterium 2018 breiband  
Vedlegg 2. Skjema med evalueringsresultat breibandsøknadar

### **Andre relevante dokument i saka:**

## **SAKSFRAMSTILLING**

### **1. Samandrag**

Sogn og Fjordane fylkeskommune tilrår at breibandprosjekta synt i saksframstillinga, tabell 4, vert tekne inn på prioriteteringslista til Nasjonal kommunikasjonsmyndighet om breibandstøtte i 2018 innanfor ramma på kr. 17 240 074,- som er sett av til prosjekt i Sogn og Fjordane.

For å løyse ut flest mogeleg nye utbyggingsprosjekt, er det innstilt på å yte fylkeskommunal medfinansiering innanfor tilgjengeleg ramme for breiband på kr. 6 725 926.

### **2. Bakgrunn for saka**

Frå og med 2018 er regimet rundt den statlege ordninga for breibandstøtte endra. Midlane som vert gjort tilgjengelege i statsbudsjettet til bygging av breiband, vert frå i år av fordelt ut til kvar ein skilt fylke etter ein fordelingsnøkkel, bestemt av Nasjonal Kommunikasjonsmyndighet (Nkom). Denne fordelingsnøkkelen er basert på dekningsundersøkinga for føregåande år og er utarbeidd slik at dei fylka som har dårlegast dekning av breiband med høg kapasitet får mest av den totale ramma.

I 2018 har Nkom fått tilgjengeleg ei ramme til breibandutbygging på totalt 149 MNOK over statsbudsjettet, som igjen er fordelt på alle fylka. Sogn og Fjordane har fått avsett kr. 17 240 074,- som fylket kan bruke til breibandutbygging via kommunale søknadar.

Kommunane søker no direkte til fylkeskommunen, og det er fylkeskommunen sitt ansvar å gje ei innstilling til Nkom med ei prioritering av omsøkte prosjekt frå kommunane, innanfor den tilgjengelege ramme. Nkom har i tillegg oppmoda om å prioritere nokre prosjekt ut over tilgjengeleg ramme, i fall det er prosjekt som ikkje vert godkjent eller andre fylke ikkje brukar opp tildelt ramme. Desse prosjekta kan då få finansiering ved ei seinare fordeling av restmidlar fra Nkom.

Frist for innsending av prioritatingslista frå fylkeskommunen til Nkom er no fastsett til 1. september, etter at den først var sett til 1. juni.

I tillegg til at det no er fylkeskommunen som har fått ansvar for å prioritere prosjekt innanfor ei fastsett ramme, er det også gjort andre endringar i støtteordninga for breiband. Ordninga er forenkla og det er færre kriterium som skal oppfyllast for at prosjekt kan godkjennast:

- Minst 50% av midlane som er avsett til kvart fylke skal nyttast til utbygging i område som manglar tilbod om breiband med 10 Mbit/s eller høgare, gjeve at det framleis er slike område att i fylket.
- Lokale finansielle bidrag skal utgjere minst 25% av dei totale prosjektkostnadane for alle prosjekta, samla for dei prosjekta som fylkeskommunen søker om støtte til.
- Utbygging av breiband gjennom ordninga skal gje eit tilbod om breiband med minimum 30 Mbit/s.
- Prosjekt som det vert søkt om støtte til skal vere teknologinøytrale (til dømes ikkje eksplisitt krav om fiber).
- Prosjekt som får tilskot skal etablere et reelt tilbod om breiband til alle husstandar og bedrifter innan det geografiske området som vert omsøkt.
- Det er opna for at tilbydarar kan gje tilbod om breiband via mobilnettet i ordninga. Abonnement skal i så fall vere til ein fast pris, til tilnærma same pris som for fast breiband, og med uavgrensa bruk av data.

Formalitetane med kunngjering på kommunen si heimeside og kartlegging av kommersielle utbyggingsplanar i dei aktuelle områda ligg fast som for føregåande år. Dette skal kommunane kunne dokumentere ovanfor Nkom ved eventuelle stikkprøvar. Tilsvarande gjeld for gjennomføring av utlysing og anbodsprosess når løvyingane er klare og prosjekta skal ut på anbod.

Nkom vil fortløpende sakshandsame prioritatingslistene som kjem inn frå fylkeskommunane, og den vidare praksisen med utbetaling til fylkeskommunane er uendra.

Sogn og Fjordane fylkeskommune har i 2018 sett av kr. 6 725 971,- til bruk innanfor breibandsatsinga:

- 2,500 mill. kr. vert dekt med midlar (KMD) på næring og kultur sitt budsjett for 2018, tenesteområde 7011 – kommunasjonsteknologi
- 3,980 mill. kr. vert dekt med restmidlar (KMD) på næring og kultur sitt budsjett for 2017, tenesteområde 7011 – kommunasjonsteknologi
- 245 971 kr. vert dekt med renter og tilbaketrekte midlar frå tidligare år

Styrande plan for arbeid innan breiband er «Strategi for breiband i Sogn og Fjordane 2016-2020». Strategien har som målsetjing at alle bedrifter og innbyggjarar i Sogn og Fjordane skal ha tilgang til eller ha prosjekt for å etablere neste generasjon breiband innan 2020.

### **3. Vurderingar og konsekvensar**

#### **Tidlegare års tildelingar frå Nkom**

Sogn og Fjordane har komme godt ut av tidlegare års tildelingar frå Nkom med tanke på breibandmidlar. Fylket har i perioden 2014 til og med 2017 fått innvilga tilskot på kr. 112 445 850,- til breibandutbygging i Sogn og Fjordane.

Dette har vore i konkurranse med andre fylke, men grunna eit godt samarbeid mellom kommunane, IT-Forum og fylkeskommunen lukkast ein med å nå opp i konkurransen og har såleis henta ut mest av alle fylke i denne perioden. Nordland er nr 2. på lista med kr. 77 537 950,- og dette gapet opp til Sogn og Fjordane er ein god illustrasjon på den jobben som har vore gjort i fellesskap i fylket.

I 2017 vart det sendt inn tre søknadar frå Sogn og Fjordane. To nesten identiske hovudsøknadar, og ein tredje søknad som ikkje var prioritert. Ein av hovudsøknadane (søknad A2) fekk støtte, med til saman kr. 24 104 800,- medan søknad A1 ikkje fekk tilsegn om støtte.

På informasjonsmøte mellom kommunane i fylket, IT-Forum og Sogn og Fjordane fylkeskommune har det vore drøfta og vorte tilslutnad til ein strategi i 2018 som innebar at prosjekta frå søknad A1 i 2017 skulle få ein prioritet ved årets tildeling. Det har også vore kutyme frå tidlegare års arbeid når ein har sendt inn søknadar som har vore samansett av prosjekt i fleire kommunar.

6 av dei kommunane som var med i søknad A1 som ikkje fekk støtte i 2017 har levert søknad i år.

#### **Prioritering mellom årets søknadar**

I år var fristen for å søkje fylkeskommunen sett til 7 mai. Det kom inn 12 søknadar med ein samla søknadssum på 31 693 000,- og totalt omsøkt utbygging for 2 281 husstandar. Søknadane er ulike med tanke på tal husstandar omsøkt utbygd, tal hus med dekning under 10 Mbit/s, totalkostnad i prosjekta og kostnad pr. hus. Dette er synt i tabell 1.

*Tabell 1.*

Kommune	Omsøkt statleg støtte	Sum lokal finansiering	Samla kostnad	% hus under 10 Mbit/s	Kostn. Pr. hus	Statleg støtte pr. hus
Førde	2 100 000 kr	1 250 000 kr	4 400 000 kr	60 %	40 000 kr	19 091 kr
Vik	2 700 000 kr	2 500 000 kr	7 900 000 kr	100 %	27 915 kr	9 541 kr
Eid	4 800 000 kr	2 700 000 kr	10 000 000 kr	52 %	30 303 kr	14 545 kr
Jølster	1 300 000 kr	1 861 000 kr	4 561 000 kr	14 %	40 363 kr	11 504 kr
Sogndal	1 950 000 kr	1 436 983 kr	4 586 983 kr	88 %	38 225 kr	16 250 kr
Stryn	7 725 000 kr	6 222 000 kr	21 672 000 kr	60 %	42 082 kr	15 000 kr
Årdal	2 250 000 kr	750 000 kr	3 000 000 kr	100 %	600 000 kr	450 000 kr
Askvoll	4 500 000 kr	3 815 000 kr	15 000 000 kr	11 %	49 180 kr	14 754 kr
Selje	1 400 000 kr	1 030 000 kr	3 830 000 kr	67 %	37 184 kr	13 592 kr
Flora	2 368 000 kr	5 007 000 kr	8 375 000 kr	28 %	56 588 kr	16 000 kr
Høyanger	0 kr	425 000 kr	425 000 kr	0 %	2 136 kr	0 kr
Solund	600 000 kr	640 000 kr	1 540 000 kr	100 %	30 800 kr	12 000 kr
<b>SUM</b>	<b>31 693 000 kr</b>	<b>27 636 983 kr</b>	<b>85 289 983 kr</b>	<b>60 %</b>	<b>82 898 kr</b>	<b>13 894 kr</b>

Omsøkt utbyggingsområde i dei ulike kommunane:

**Førde:** Solheimsdalen

**Vik:** Seljadalen, Ovrisdalen og Bødalen

**Eid:** Eidsbygda, Nesbygda, Taklo, Strand og Hjelmelandsdalen

**Jølster:** Helgheim og sørsida

**Sogndal:** Ølmheim, Slinde, Fimreite og Barsnes

**Stryn:** Frå Sunde i Oldedalen til Tistam, og området Vikalida – Grønevik

**Årdal:** Indre Ofredalen

**Askvoll:** Rest-Askvoll og Holmedal

**Selje:** Norpollen – Flister, inklusiv Barmen/Venøy, Liset og Fløde – Otneim.

**Flora:** «Florapakken»

**Høyanger:** Vadheim og omegn

**Solund:** Hagefjorden og Kråkøysundet

### Evaluering av søknadane

Evalueringsskriteria som er brukt for å vurdere prosjekta opp mot kvarandre byggjer på dei kriteria som er brukt i tidlegare år, men vart tilpassa for å høve opp mot den nye ordninga og dei kriteria som er skildra i kapittelet «bakgrunn for saka». Kriteriesettet ligg ved saka. Evalueringa har vore gjennomført i samråd med IT-Forum breiband.

Ei vurdering av kvar einskild søknad opp mot kriteriesettet gjev resultata i tabell 2 som syner samla poengsum for dei ulike evalueringsskriteria, mellom dei søknadane som hadde prioritet jamfør søknad A1 frå 2017:

Tabell 2.

Kommune	Samla poengsum	Omsøkte støtte
Flora	4,15	Kr. 2 368 000,-
Vik	4	Kr. 2 700 000,-
Sogndal	3,75	Kr. 1 950 000,-
Stryn	3,5	Kr. 7 725 000,-
Jølster	3,2	Kr. 1 300 000,-
Eid	3,1	Kr. 4 800 000,-
<b>SUM</b>		<b>Kr. 20 843 000,-</b>

I tillegg leverte desse kommunane søknadar, og samla poengsum for evalueringsskriteria går fram av tabell 3.

Tabell 3.

Kommune	Samla poengsum	Omsøkt støtte
Solund	4,2	Kr. 600 000,-
Selje	3,6	Kr. 1 400 000,-
Førde	3,25	Kr. 2 100 000,-
Årdal	3	Kr. 2 250 000,-
Askvoll	2,75	Kr. 4 500 000,-
Høyanger	0	Kr. 0,-
<b>SUM</b>		<b>Kr. 10 850 000,-</b>

### Vurdering av omsøkte prosjekt sine poengsummar

Prosjekta i tabell 2. scorar jamt over godt opp mot dei kriteria som er sett for evalueringa i år.

Flora kommune sitt prosjekt kjem best ut, grunna god balanse mellom hus under/over 10 Mbit/s, kostnadseffektiv utbygging og eigeninnsats. Eid sin søknad vert rangert sist på denne lista, mykje grunna at søknaden er noko midt på treet med tanke på tal husstandar under 10 Mbit/s og lokal medfinansiering.

Omsøkt sum statleg støtte for prosjekta som ikkje nådde opp i tildelinga i 2017 (tabell 2) er kr. 20 843 000,-.

I tabell 3 ser ein at søkerne frå Solund, Selje og Førde er gode søkerne som får god score. Det er fin balanse mellom dei kriteria som ligg til grunn for evalueringa. Søknadane frå Årdal, Askvoll og Høyanger scorar lågt poengsum sett opp mot dei andre søkerne.

Årdal søker om støtte til utbygging av 5 husstandar og har eit støttebehov på kr. 2 250 000,- noko som er særstakt dyrt og gjev ein dårlig score. Askvoll scorar lågt fordi få av husstandane i utbyggingsområdet har ei dekning som ligg under 10 Mbit/s. Høyanger scorar lågt på eit noko mangefullt utfylt søknadsskjema.

Omsøkt statleg støtte for prosjekta i tabell 3 er kr. 10 850 000,-

#### **4. Konklusjon**

Tilgjengeleg ramme frå Nkom til Sogn og Fjordane er 17 240 074,-. I praksis betyr dette at Sogn og Fjordane fylkeskommune lyt løyve restbehovet for finansiering for å løyse ut alle dei prioriterte prosjekta i tabell 2. Det er differansen mellom sum omsøkt støtte (kr. 20 843 000,-) og tilgjengeleg ramme frå Nkom (kr. 17 240 074,-). Denne differansen utgjer kr. 3 602 926,-. Rest på fylkeskommunal ramme breiband vert då kr. 3 123 042,-

Om ein vel å ta med dei tre prosjekta med høgast poengsum som ikkje var prioritert i årets runde (tabell 3), kommunane Solund, Selje og Førde, utgjer det eit finansieringsbehov frå fylkeskommunen på kr. 4 100 000,- (sum omsøkt støtte frå kommunane Solund, Selje og Førde). Rest på den fylkeskommunale ramma avsett til breiband etter medfinansiering av prosjekt i tabell 2. er kr. 3 123 045,-.

Det er såleis ikkje nok midlar på den fylkeskommunale ramma til å ta inn alle desse tre ekstra prosjekta, men ei løysing kan vere å løyve Solund og Selje ein sum på kr 2 000 000,- og kr. 1 000 000,- til Førde sitt prosjekt, som ei delfinansiering av det totale behovet på kr. 2 100 000,-.

Desse tre prosjekta (Solund, Selje og Førde) har alle ein god score sett opp mot dei prioriterte prosjekta i tabell 2.

Ved ei slik løysing, løyver ein kr. 6 602 926,- av totalt kr. 6 725 971,- av fylkeskommunal ramme til breiband. Rest på den fylkeskommunale ramma til brebandsatsinga vert då kr. 123 045,-.

Prioriteringsliste som skal sendast til Nkom for godkjenning vert då som synt i tabell 4:

Tabell 4.

Kommune	Omsøkt statleg støtte
Flora	Kr. 2 368 000,-
Vik	Kr. 2 700 000,-
Sogndal	Kr. 1 950 000,-
Stryn	Kr. 7 725 000,-
Jølster	Kr. 1 300 000,-
Eid	Kr. 4 800 000,-
<b>SUM</b>	<b>Kr. 20 843 000,-</b>

Fylkeskommunal medfinansiering til desse prosjekta vert då kr. 3 602 926,-.

I tillegg løyver fylkeskommunen kr. 3 000 000,- i tilleggsfinansiering til prosjekta i Solund og Selje, samt ei delfinansiering av Førde kommune sitt omsøkte prosjekt med kr. 1 000 000,-.

Å løyve ei fylkeskommunal medfinansiering av prioriterte prosjekt, samt løyse ut dei beste av dei prosjekta som ikkje er prioritert, er eit viktig bidrag for å komme eit steg nærmare måla i beibandstrategien for Sogn og Fjordane.